

Sivilombudsmannen	
Ar Saknr 10/1332	Saksnr 4
Vedlegg 1 JULI 2010	
Ark.nr 517	
Lnr.	Saksnr LJO
Til.	

Sivilombudsmannen  
pb 3 Semtrum  
0101 OSLO

Vår dato: **20 JUL 2010**  
Vår ref.: NVE 200704006-50 rv/ias  
Arkiv: 317 /059.2B  
Dykkar dato: 09.06.2010  
Dykkar ref.: 2010/1332

Sakshandsamar:  
Ivar Sægrov  
57 83 36 72

## Alsaker Fjordbruk as/Salar Smolt AS – Vassdragskonsesjon i Rylandsvassdraget

Vi viser til brev av 9.6.2010 der det blir bedt om klargjering i høve spørsmål som vedkjem vassdragskonsesjonen for vassuttak frå Rylandsvassdraget til Salar Smolt AS sitt settefiskanlegg i Meland kommune og NVE si rolle i saka.

NVE gav konsesjon til regulering og vassuttak frå Rylandsvassdraget den 7.9.2001. Konsesjonen vedl. 1 vart gitt med nærare fastsette vilkår der det spesielt under post 1 vart fastsett prosedyre for å utarbeide grunnlaget for etablering av overløpsterskel kopla mot andre tiltak i området ved utløpet av Rylandsvatnet. Post 3 i vilkåra er av generell karakter og det er opp til NVE som myndigheit å nærare detaljere kravet til detaljplanar i einskildsaker.

Sjølve konsesjonshandsaminga er ein omfattande prosess med kunngjering og utlegging av søknaden til offentleg ettersyn, synfaringar og møter med partar og aktuelle berørte interessegrupper. For vassdragstiltak som har fått konsesjon er det unntak for byggesakshandsaming slik det fylgjer for utbyggingsprosjekt handsama etter Plan- og bygningslova. Reglane for unntak føreset ei aktiv oppfølging og eit breitt ansvar for konsesjonæren i gjennomføring av tiltak med konsesjon etter vassdragslovgjevinga. NVE si rolle for å følgje opp slik det går fram av post 3 i konsesjonen, er todelt: Vurdering og godkjenning av byggetekniske detaljplanar er knytt til delar av anlegg der det ligg krav om sikkerheitsmessige forhold som i denne saka i fyrste rekke var utforming av terskeldammen i utløpet av Rylandsvatnet og kapasitet i kanalen ovafor dammen, slik kravet er etter post 1 i vilkåra. Dei generelle formuleringane i post 3 blir for NVE meir å sjå til at anlegget blir etablert innafor dei generelle rammer som er formulert i vilkåret.

For NVE er det vesentleg at spesielle vilkår blir følgd opp med vurdering og godkjenning av den dokumentasjonen som blir lagt fram. Oppfølginga her går fram av vårt brev datert 18.3.2005, vedl. 2. Vidare vil omfanget av krav til detaljplanar og godkjenning vere ein del av ein samla prosess der NVE både gjennom konsesjonshandsaminga og prosessane vidare får god oversikt og kjennskap til prosjektet.

**Hovedkontor**

Drammensveien 211  
0212 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER  
Telefon: 72 89 65 50

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
Postboks 394  
8505 NARVIK  
Telefon: 76 92 33 50

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG  
Telefon: 33 37 23 00

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE  
Telefon: 57 83 36 50

**Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR  
Telefon: 62 53 63 50

Oppfølging frå NVE etter godkjenninga av framlagt hydraulisk modellering, planane for terskeldammen og oppreinsking av strekninga innover mot Rylandsvatnet, var i hovudsak å sjå til at tiltaket vart gjennomført innafor den generelle ramma av konsesjonsvilkåra. Meland kommune følgde opp saka ved at ordføraren hadde møte med tiltakshavar. Ordføraren sitt referat frå møtet går fram av brev, med kopi til NVE, datert 23.06.2005, vedl. 3. NVE gjennomførte tilsyn på anlegget den 21.06.2005 og gav tilbakemelding til konsesjonæren i brev datert 12.07.2005, vedl. 4 om at NVE ikkje hadde spesielle merknader til planane som då vart presentert.

NVE mottok den 19.05.2006 orientering frå konsulenten Asplan Viak, vedl. 5 om det vidare arbeidet med etablering av vassdragsanlegget og legging av inntaksleidningen. Det går fram av meldinga at det var halde informasjonsmøte med grunneigarane og at Meland kommune også var orientert.


Konsesjonæren har definert det gjennomførte arbeidet som fleire byggetrinn. NVE har ikkje definert det slik, men lagt til grunn at det etter konsesjonen og i høve til NVE si myndighetsrolle vil være 2 byggetrinn: Trinn 1 det som no er gjennomført med terskeldammen, oppreinsking i røyrtrasèen og legging av røyr. Trinn 2 blir ombygging av damanlegget i Storavatnet og nytt reguleringsanlegg der.


I brevet Dykkar av 9.6.2010 blir NVE bedt om å kommenterer eit utklipp får NVE sitt brev datert 24.september 2009. I brevet peika NVE på at dokumentasjonen i saka viser ein del komplekse element. I den aktuelle påpeikinga er det vist til at det i ei sak som denne, som strekkjer seg over relativt lang tid, lett kan bli slik at grensesnitt mellom kva som er ei privat interesse knytt til private rettar eller meir ei ålmann interesse kan bli utfordrande både for konsesjonær og berørte interesser. I oversendingsbrevet med konsesjonen datert 7.9.2001, vedl. 6, som også vart sendt som kopi til Midtre Holsenøy grunneigarlag v/Bjarte J. Skintveit presiserte NVE dette slik:

*Vi gjer merksam på at løyve etter vassressurslova gjeld i høve til eventuelle verknader som utbygginga/tiltaket kan medføre for ålmenta sin interesser knytt til vassdraget. Løyvet gjev ikkje heimel for eventuell ekspropriasjon av rettar for å kunne gjennomføre tiltaket. Søkjar har sjølv ansvar for å avklare tilhøvet til eventuelle andre med private rettar som vert berørt av tiltaket.*

Oppsummert er det NVE si klare oppfatning at oppfølging av utbyggingsprosjektet frå NVE si side ligg innafor ramma av vilkåra i konsesjonen. I høve til informasjon til ulike berørte interessegrupper meiner NVE at det er eit område som har vore følgd opp i samsvar med vanleg praksis og med stor grad av openheit. For den del som gjeld informasjon mellom private grunneigarar som blir berørt og konsesjonæren er det eit området som konsesjonæren har eit særleg ansvar for.

Med helsing

  
for Rune Flatby  
avdelingsdirektør

  
Jon Arne Eie  
seksjonssjef

Vedlegg: 6

Kopi Midtre Holsenøy Grunneigarlag v/Bjarte Skintveit, Steinberget, 5917 ROSSLAND  
m/velegg: Alsaker Fjordbruk AS/Salar Smolt AS 5694 Onarheim,